

## **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 12.03.2018**

### **Handsaming i møte**

Forvaltningsrevisor i Deloitte, Frode Løvlie, orienterte om status for selskapskontroll av Grieghallen IKS og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Det kom fram at ein no har fått kontaktperson frå både Grieghallen IKS og fylkesrådmannen. Deloitte hadde frist til 09.01.2018. Etter puring kom svaret frå fylkesrådmannen 18.02.2018. På bakgrunn av dette er det fare for at levering av revisjonsrapport ikkje vil rekke utgangen av mai. Ny frist for levering av revisjonsrapport vert difor sett til 25.06.2018.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Ny frist for levering av revisjonsrapport for selskapskontroll av Grieghallen IKS vert sett til 25.06.2018.
2. Informasjonen vert teken til orientering